

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68. Bålbrenning på visse  
Tilleggsspørsmål nr. dager i året.

Fylke: Austagder.

Herad: Hølt.

Emne:

Bygdelag: Angelstad krins. (Dalen)

Oppskr. av Lars Fosstveit

Gard: Fosstveit

(adresse): Holt pr. Tvedestrand.

G.nr. 57. Br.nr. 17 og 22.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Har spurt nokre men dei visste ikkje meir enn eg.

## SVAR

Som eg visst har nemnd 99 gg. før, har me kje mykje att av gamle tradisjomar her i bygda, serleg av slike som heng saman med gammal overtro o. likn. Når me enno held fast på ymse ting, er det berre avdi det ervorten "skikk o g bruk", utan at me legg noko meir i det. Og so tek eg for meg

spørjelista då:

Namn.

Me kallar det berre bål. Det einaste bålet som har sernamn sovidt eg kjenner til, er St. Hansbål.

(Jonsokbål altso) Orda rauk og såte kjenner me og.

Men dåt gjelddet kornrauk og høysåte.

Me gjer ingen skilnad på stort og lite bål.

Tida?

Folk brende ikkje bål av serleg slags ved. Men det var nokso mykje ibruk å brenne einerved på skorsteinen (åra) julekvelden. Men det var for den gode lukta si skuld, heitte det; "Julelog" har ingen gamle folk høyrd gjeti.

§- - Eg høyrer no sjøl med dei eldre her i bygda, då eg neste år vert 70. Og då skynar ein nokat her er kje so svært mange "gamle og kloke" å frette um

gamalt. Ingen veit um at der vart brend noko serleg bål i påskehelga. Å sjå "sola danse" har vel folk gjort her som andre stader truleg.

Men sjølv mine foreldre hadde ikkje nokon tradisjon um det. Sjølv har eg sett sola "danse" ein-I- gong. Det var no ikkje i påska men St. Hansnatta.

Og det var eit ungdomslag som hadde laga til stor fest med vakenatt i eit hus bom stod tomt då. Av dei ikring 100 var der ca, 40 som gjekk upp på ein nut for å sjå. Men ingen kunde bevise at sola snudde seg eller "dansa". Men moro var det lell.

Bål jonsokkvelden er i full bruk no som før. Men der er svært få som kan svare um ein spør deikva ein Feirer St.Hans til minne um. Det er rett og slett "g "gamal skikk og bruk" og "moro". Det heiter at for mange år sidan var det sume som brende bål påskemorgon.

Men ein veit altso ikkje meir um det.

Syftesok og Olsokhar ikkje vore feira her sovidt nokon veit. I seinare år er Olsok feira av ein del religiøse samskipnader, men berre innandørs - og ufan bål.

Bål i samband med krøtter har ingen høyrd gjeti. Det kunde før hende at ein brende bål på åkrane um hausten for at ikkje frost skulde øydelegge noko. Men dette er ju noko heilt anna.

Staden.

Der er ju some stader som ungdom serleg samlast Jonsokkvelden, og der vert det brend bål. Ute i Tvedestrandsfjardein - - i Dypvåg - ligger Buskjær, der serleg folk frå Tvedestrand- men ogso frå Holt, Dypvåg og Flosta år visst samlast i hundratall for å feire kvelden.

Der er ingen egentleg festnemnd. Men medl. av Motorbåtfor. og Tv, turn & Idrettsfor. syrgjer for at der alltid er bål, det største i distriktet. Ellers har ju mange lagturer både her og der Jonsokkvelden der det vert brend bål. Har visst alldei vore skikk å brenne bål på kvar gård.

Den som steller med bål.

3

Det er mest alltid styret i ett eller anna lag.

Serleg då mannfolka avdi dei er sprekaste til å samle ihop emne til bålet. Men der vart og vert ikkje gjort nokon skilnad på mann og kvende, vaksen og born- - um dei har hug til å vera med å samle tilfang. Kortsagt kan ein segja at yveralt der eit lag eller ein huslyd eller fleire feirer St. Hans ute um kvelden, der lögur elden, ogso for kaffidroparne si skuld.

Korleis dei bygde bålet.

Kva vyrke dei grenn bål av er heilt avhengig av kva dei kann få tak i lettvindt.

Ein legg helst bålet på fjell som ligg litt høgt.

Trur alldei der har vore nokon norm for korleis eit bål skal byggjast. Sjølsagt skal det helst vera so høgt som mogelegt, so flammen mest kann svi skjegget til mannen i månen. Det skal og gjerne ryke dugeleg ei stund.

I ei bygd som Holt er ein ju aldri ibeit før ved til bål. Um nokon stal vyrke kann ein ikkje so sikkert segja.

Slikt vert ju helst ikkje gjort større ~~keklame~~ med.

Ingen arbeidsgjevar har laga fest eller likn.

for arb. her i bygda, korkje St. Hans eller andre gonger.

Når ein undtek Nes Jernverk, har me ju ikkje hatt

nokon større verksemd her før etter 1900.

Figurar o. likn. har visst aldri vore laga og brend.

Korleis bålet skulde vera.

Det retta seg heilt etter dei lokale forhold.

Ålmen regel: Størst mogeleg. Nokon konkurranse um dette har det visst ikkje vore. Sjølsagt var det gildt at bålet lyste so klart det berre gjekk an. Og ryke skulde det og ei stund. Difor var det følt so gildt um ein kunde finne vyrke som var sett inn med tjære og anna som ga mykje røyk. Har aldri høyrd at der skulde sprute gneistar av bålet.

4  
Kva bålet skulde tene til.

På dei 4 spørsmål kann ein svara nei.

Sjølve festen ved bålet.

Me kaller det St. Hansmoro, som regel.

Både eldre og yngre samlast kring bålet når det er tilstelning som høver for alle aldre. Men er der eldre med, - eller det religiøse lag som festar, er det gjerne slutt ikring midnatt. Ungdomen held det gjerne gåande eitpar timer lengre.

I eldre tid var det nokso ålment at gutane drakk rusdrykk- utan å gøyme seg, No drikk nok eindelegutar - og jamvel nokre gjentor med-men dei skjemmaast for å syna det millom godt folk då.

Kvar huslyd - eller kvar einskild- plar ta med seg den mat som skal njoast um kvelden.

Som regel ligg bålet slik til at der ikkje kann dansast rundt det, då det helst ligg på ei høgd eller topp.

Med omsyn til spørsmål 45. - 48 kann svarast nei.

#### Skikken idag.

er som den har vore i manns mønne. Den einaste skilnad er kanskje at der no er fleire religiøse lag som feirer St. Hanskveld med bål- - leik, og oppbyggjeleg underhaldning imillom.

Litt gjer det vel og at her no er so mengeslagslag. Og dei fleste er gjerne med på feiring av St. Hans på ei eller onnor vis- - kanskje berre i eit lokale. Nokon med dans z, andre med gudsteneste. Men folk vil gjerne samlast den kvelden til fest.

Lars Fosstveit

fødd 13 / 6 1889. kl. 21,30.